



# Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 04.12.2014 kl. 15:15-18:30  
Stad: ASKVOLL, Møterom kyrkjekontoret

---

**Frammøtte:**

Ole Andreas Myrstad	Leiar	
Anne Grethe Lien	Nestleiar	(Ikkje i sak 79-83)
Stein Hugo Fykse	Medlem	
Reidun Melvær Norheim	Medlem	
Linda Karin Solheim	Medlem	
Arne Fedøy	Medlem	
Jorunn Ringstad	Medlem	
Oddvar Reidar Indrebø	Medlem	(Ikkje i sak 83)
Åge Guddal	Medlem	
Else Stølen	Varamedlem	(Ikkje i sak 83)

---

**Forfall:**

Kari Berit Ness	Medlem
-----------------	--------

---

**Møtte ikkje:**

Jostein Vidar Takle	Medlem
Inger Lise Saltskår	Medlem

**Saker handsama på møtet:**

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2014/71		Godkjenning av innkalling, sakliste og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2014/72		Godkjenning av protokoll frå møte 20.10.2014	RUNE ZIENER
SR 2014/73		Skriv og meldingar	RUNE ZIENER
FR 2014/74		Etablering av arbeidsmiljøgruppe	RUNE ZIENER
FR 2014/75		Reglement for arbeidsmiljøgruppa (AMG) for Askvoll sokn	RUNE ZIENER
FR 2014/76		Reglement for godtgjersle til folkevalde	RUNE ZIENER
FR 2014/77		Leiarlønn	RUNE ZIENER
SR 2014/78		Gudstenester i Stongfjorden	RUNE ZIENER
SR 2014/79		Offerliste 1. halvår 2015	RUNE ZIENER
SR 2014/80		Kyrkjevalet 2015. Oppnemning av nominasjonskomité til soknerådsvalet.	RUNE ZIENER
SR 2014/81		Forslag på leke kandidatar til Bjørgvin bispedømmeråd og Kyrkjemøtet	RUNE ZIENER
FR 2014/82		Justering av driftsbudsjett	-
SR 2014/83		Justering av møteplan	-

Askvoll, 04.12.2014

Ref.

Rune Ziener

---

## **SR 2014/71 Godkjenning av innkalling, sakliste og dagsorden**

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling, sakliste og dagsorden som dei ligg føre.

### **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling, sakliste og dagsorden som dei ligg føre.

---

## **SR 2014/72 Godkjenning av protokoll frå møte 20.10.2014**

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 20.10.2014 som den ligg føre.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 20.10.2014 som den ligg føre.

---

## **SR 2014/73 Skriv og meldingar**

### **UTGREIING**

Følgjande skriv og meldingar vert lagt fram:

- |         |  |
|---------|--|
| M 46/14 | Den norske kyrkja v/Gravplassrådgjevaren: Askvoll. <i>Endring lokale vedtekter. Uttale frå gravplassrådgjevaren.</i> (10.11.2014). |
| M 47/14 | Askvoll kommune: <i>Vedtak i sak KOM 082/14</i> (12.11.2014)   |
| M 48/14 | Grunnovertaking ved Askvoll gravplass  |
| M 49/14 | Stongfjorden kapell  |
| M 50/14 | Rentekompensasjonsordninga vert vidareført. Aktuelle prosjekt.   |
| M 51/14 | Drøfting og evaluering av Bulandet-helga. Kva med evt. samling neste år?   |
| M 52/14 | Drøfting. Kva gjer vi vidare med strategiarbeidet for soknet? Framlagt utkast til verdi og måldokument.                            |
| M 53/14 | Protokoll frå lokale lønnsforhandlingar  |
| M 54/14 | Innbetalingsgiroar i kyrkjebladet. Drøfting.   |

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagte skriv og meldingar til orientering.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagte skriv og meldingar til orientering.

# **FR 2014/74 Etablering av arbeidsmiljøgruppe**

## **UTGREIING**

I verksemder med fleire enn 50 tilsette (eller fleire enn 20, dersom ein av partane i verksemda krev det) skal det oppnemnast eit arbeidsmiljøutval (sjå AML § 7-1). Likevel vil KA tilrå at det vert oppretta ei arbeidsmiljøgruppe også ved verksemder med færre tilsette. Gruppa skal minst vere samansett av verneombod og kyrkjeverje (sjå Hovudavtalen § 11-2).

Formålet med AMU går fram av AML § 7-2(1):

(1) Arbeidsmiljøutvalget skal virke for gjennomføring av et fullt forsvarlig arbeidsmiljø i virksomheten. Utvalget skal delta i planleggingen av verne- og miljørarbeidet, og nøyne følge utviklingen i spørsmål som angår arbeidstakernes sikkerhet, helse og velferd.

Det bør utarbeidast eit eige reglement for ei slik gruppe, som mellom anna fastset kva oppgåver gruppa har ansvar for, jf. AML § 7-2(2-6).

### **Vurdering:**

Erfaringsmessig viser det seg at enkelte arbeidsoppgåver knytt til arbeidsmiljø, t.d. vernerunder og kartleggingsarbeid, samt vedlikehald av HMT-systemer kan vere krevjande for dagleg leiar å arbeide med aleine. Om einfår nedsett ei gruppe som har slike oppgåver som hovudoppgåve vil det truleg styrke det viktige HMT-arbeidet.

Ein har to arbeidsgivarlinjer i kyrkja; dei fellesrådstilsette og dei statleg tilsette. Det er viktig å sikre ei samordning mellom desse, og Askvoll sokneråd, som er største arbeidsgivar lokalt, har eit ansvar for å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø for andre tilsette på arbeidsplassen enn eigne tilsette (sjå AML § 2-2).

For å sikre deltaking på tvers av arbeidsgivarlinjene og tilsette si deltaking bør samansetninga minimum vere: verneombod, kyrkjeverje, og i tillegg soknepresten. Ein kan vidare vurdere om det også bør vere representasjon av folkevaldei ei slik gruppe.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd etablerer ei arbeidsmiljøgruppe(AMG) sett saman av:

- Verneombod
- Kyrkjeverje
- Sokneprest
- Soknerådsrepresentant (xx)

2. AMG trer i funksjon pr. 01.01.2015

## **MØTEHANDSAMING**

I saksdrøftinga vart det føreslege at det ikkje vert soknerådsrepresentant med i arbeidsmiljøgruppa.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd etablerer ei arbeidsmiljøgruppe(AMG) sett saman av:

- Verneombod
- Kyrkjeverje
- Sokneprest

2. AMG trer i funksjon pr. 01.01.2015

---

# **FR 2014/75 Reglement for arbeidsmiljøgruppa (AMG) for Askvoll sokn**

## **UTGREIING**

Saka vert lagt fram med etterhald om at det vert etablert ei arbeidsmiljøgruppe i Askvoll sokn, sjå eiga sak.

Arbeidsmiljøgruppa er ei frivilleg ordning som er oppretta for verksemder som ikkje har plikt etter AML § 7-1 (1), jf. HA §11-2, til å opprette arbeidsmiljøutval. Ei slik gruppe har etter samme paragraf i HA arbeidsoppgåver med utgangspunkt i arbeidsoppgåvene som ligg til arbeidsmiljøutvalet, etter AML § 7-2.

Det bør fastsetjast eit reglement/retningsliner for arbeidsmiljøgruppa.

### **Forslag til retningsliner for arbeidsmiljøgruppa, Askvoll sokneråd:**

#### **1) Samansetjing og konstituering**

1-1 Arbeidsmiljøgruppa er sett saman av følgjande 3 medlemmer:  
Verneombod  
Kyrkjeverja  
Sokneprest  
Ein soknerådsrepresentant

1-2 Arbeidsmiljøgruppa vert utnemnt/valt for to år av gangen.

1-3 Arbeidsmiljøgruppa konstituerer seg sjølv.

#### **2) Hovudformål**

2-1 Arbeidsmiljøgruppa skal medverke til gjennomføring av eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i verksemda, som inneber at gruppa skal ta del i planlegginga av verne- og miljøarbeidet og følgje nøye med utviklinga i spørsmål som gjeld arbeidstakarane si tryggleik, helse og velferd.

#### **3) Oppgåver**

3-1 Sjå til at det er etablert og vedlikehelde eit systematiske helse-, miljø-og tryggleiksarbeid for verksemda.

##### **3-2 Medansvar for**

- velferdstiltak
- AKAN-ordning
- tiltak for eit inkluderande arbeidsliv
- introduksjon av nytilsette

3-3 Uttale seg i spørsmål om opplæring, instruksjon og opplysningsverksemnd i verksemda som har verknad på arbeidsmiljøet.

3-4 Uttale seg om planar som kan få vesentleg innverknad på arbeidsmiljøet, t.d. innkjøp av maskinar, rasjonalisering, arbeidsprosessar og førebyggjande vernetiltak.

3-5 Gå gjennom alle rapportar om yrkessjukdommar, arbeidsulukker og tilløp til ulukker, samt prøve å finne årsak til ulukka eller sjukdommen og sjå til at arbeidsgivar treffer tiltak for å hindre gjentaking.

#### **4) Arbeidsform og rapportering**

4-1 Arbeidsmiljøgruppa trer saman minimum ein gong i kvartalet, og elles så ofte det medlemmer av gruppa finn det nødvendig.

4-2 Arbeidsmiljøgruppa rapporterer til soknerådet.

#### **5) Endring av retningsliner**

5-1 Askvoll sokneråd kan gjere endringar i retningslinene.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokn vedtek retningslinjer for arbeidsmiljøgruppa som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokn vedtek retningslinjer for arbeidsmiljøgruppa som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja, med unntak av soknerådsrepresentant som medlem av gruppa (pkt. 1-1) som følgje av vedtak i sak FR 2014/74.

---

## **FR 2014/76 Reglement for godtgjersle til folkevalde**

### **UTGREIING**

Det bør ligge føre eit reglement for verksemda som regulerer arbeidsvilkåra til dei folkevalde. Reglementet skal sikre at dei folkevalde ikkje lir økonomiske tap som følgje av verva dei er valt inn i.

Særpreget til lokalkyrkja er at denne verksemda både er eit offentlegrettsleg forvaltingsorgan og eit trussamfunn, der det er ein sterk tradisjon for frivilleg/ulønna innsats. Ein bør ha eit reglement som ivaretok denne dobbeltheita.

I vedlagde organisasjonskart (tilrådd modell) er det ulike underutval for verksemda. På den eine sida (gule boksar) er det arbeidsutvalet (AU) som er eit avlastande organ for soknerådet, der ulike saker vert førebudd og drøfta før vedtak i soknerådet. Vidare er det administrasjonsutvalet (som er eit krav i tariffavtaleverket) som har eit hovudansvar for spørsmål av personalpolitisk karakter og forhandlingsutvalet, som arbeider etter fullmakt frå soknerådet. Med etterhald om at det vert oppretta ei arbeidsmiljøgruppe (sjå eiga sak), er denne plassert i same kategori, med ansvar for å ha merksemnd retta mot arbeidsmiljøet. Felles for desse underutvala er at kyrkjeverja anten er medlem eller sekretær, og at det primært er arbeid med fellesrådssaker som ligg til desse utvala.

På motsett side er det (i raude boksar) kva vi kallar for fagutval. Desse er spesialiserte inn mot det kyrkjelydsbyggjande/utøvande arbeidet for verksemda. Pr. i dag har ein eit aktivt trusopplæringsutval, ein har formelt sett eit diakoniutval som ikkje er i funksjon. Vidare bør ein vurdere å opprette eit utval for gudsteneste og kyrkjemusikk. Dei ulike kyrkjelydsutvala er plasserte på same sida.

I forslaget til reglement er det tilrådd at det berre vert betalt ut godtgjersle til utvala med gul farge. Likevel vil dette føre til større utgifter til dei folkevalde enn slik det er i dag, fordi det berre er praktisert møtegodtgjersle til sjølve soknerådsmøta.

### **Satsar**

I forslaget nedanfor er satsar frå gjeldande reglement i hovudsak vidareført. Soknerådet må vurdere om gjeldande satsar er høvelege. Det er i forslaget sett same tak for refusjon for tapt arbeidsforteneneste som gjeld for Askvoll kommune (kr 1600,- pr. dag).

I dag er gjeldande sats for møtegodtgjersle kr 300,- I forslaget er dette føreslege endra til ein prosentsats av kyrkjeverjelønn (0,058%) som pr. november utgjer kr 307,40. Ved å knytte nivå på møtegodtgjersle til kyrkjeverjelønna vil ein sikre ein utvikling av godtgjerslenivået utan å gjere reguleringar.

Eit nytt moment i reglementsforlaget samanlikna med dagens er at det er føreslege ei fast telefongodtgjersle (kr 100,-/mnd) til leiar av soknerådet. Satsen her kan gjerne vurderast av soknerådet.

## Økonomiske konsekvensar

Om dei føreslegne endringane vert vedteke vil dette totalt sett føre til auka utgifter samanlikna med dagens regelverk. Det vil sjølv sagt avhenge av framtidig møtefrekvens kva tilleggskostnaden vil vere, men ein kan stipulere følgjande:

Utval	Stip. tal møte/år	Tal Folkevalde	Kostnad pr. år
Arbeidsutval (AU)	10	2	6.148
Administrasjonsutval (ADMU)	2	2	1.230
Forhandlingsutval (FORH)	2	2	1.230
Arbeidsmiljøgruppe (AMG)*	6	1	1.844
Total			10.452

\*Forutsett at dette utvalet vert oppretta (sjå eiga sak).

Ein bør halde fram praksisen med å legge flest mogleg av møteverksemda der dei folkevalde deltek til kveldstid, for å halde nede kostnad til refusjon av tapt arbeidsforteneste.

## Forslag til reglement for godtgjersle til folkevalde - Askvoll sokn.

Vedteke i sak XX. Dato XX

### 1 Verkeområde.

1-1 Reglementet gjeld for dei folkevalde i Askvoll sokn.

### 2 Fast godtgjersle

2-1 Leiar og nestleiar i soknerådet får ei fast årleg godtgjersle for vervet.

2-2 Godtgjersla utgjer totalt 3% av årslønn for kyrkjeverja, med fordeling 7/10 til leiar av soknerådet og 3/10 til nestleiar av soknerådet.

2-3 Fast godtgjersle vert utbetalt på slutten av året, seinast 12. desember.

### 3 Møtegodtgjersle og refusjon for tapt arbeidsforteneste

3-1 Det vert gitt godtgjersle til dei folkevalde for desse organa:

a) soknerådsmøte

b) møte i arbeidsutval

c) møte i kyrkjeleg administrasjonsutval

d) møte i forhandlingsutval

e) møte i arbeidsmiljøgruppe

3-2 Møtande medlemmer og varamedlemmer får ei møtegodtgjersle tilsvarende 0,058% av årslønn til kyrkjeverje per møte.

3-3 Møtegodtgjersle vert utbetalt på slutten av året, seinast 12. desember.

3-4 For dokumentert tap av arbeidsforteneste grunna møte som opplista i pkt. 3-1 vert det utbetalt refusjon etter slike satsar:

a) For dokumentert tap over 7,5 timer (heil dag) vert det refundert inntil kr 1600,-.

b) For dokumentert tap under 7,5 timer vert det refundert inntil kr 213,- per time.

3-5 Refusjon for tap av arbeidsforteneste vert berre utbetalt etter innsendt krav.

### 4 Reiseutgifter

4-1 For reiser i samband med møte som nemnt i pkt. 3-1 får dei folkevalde dekka reiseutgifter for

rimelegaste reisemåte. I tillegg til møte som nemnt i 3-1 vert reiseutgifter også dekka i samband med fagutvala under soknerådet.

4-2 Statens satsar vert lagt til grunn ved utrekning av reiseutgiftene.

4-3 Utbetaling for dekning av reiseutgifter skjer etter innsendt krav.

## 5 Anna utgiftsdekning

5-1 Leiar av soknerådet får ei månadleg telefongodtgjersle på kr 100,-.

5-2 Ved eventuell overnatting eller liknande i samband med kurs og konferansar, skjer utgiftsdekning etter avtale med kyrkjeverja.


## 6 Fortolkning og endring

6-1 Soknerådet sitt AU avgjer i tvilstilfelle i høve reglementet.

6-2 Soknerådet kan gjere endringar i reglementet.

7 Reglementet trer i kraft frå 01.01.2015.

### ORGANISASJONSKART ASKVOLL SOKN.



## MØTEHANDSAMING

Det vart sett fram eit topunktfsorslag forslag frå Anne Grethe Lien om at:

a) Godtgjersle og refusjon også gjeld fagutvala under soknerådet.

b) Andre medlemmer i fagutvala enn dei folkevalde får møte- og reisegodtgjersle på lik linje med dei folkevalde.

# SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek reglement for godtgjersle som det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja, med dei tilleggspunkta som vart sett fram av Anne Grethe Lien.

---

## FR 2014/77 Leiarlønn

### UTGREIING

Saka vert utgreidd bere ved å vise til faktiske forhold kring lønnsfastsetjing for dagleg leiar, samt henvising til Hovudtariffavtals bestemmelser om regulering av leiarlønn. Askvoll sokneråd bør følgje opp saka slik dei finn det mest tenleg.

Etter KA sin hovudtariffavtale kap 3.4 skjer fastsetting og regulering av leiarlønn lokalt.  
Sist leiarlønnsfastsetting i Askvoll vart gjort med verknad frå 01.12.2013.

Her er tariffavtalen sine bestemmelser om regulering av leiarlønn:

### 3.4 Ledere

#### 3.4.0 Innledende merknader

1. Lederstrukturen fastsettes lokalt.
2. Lønnsfastsettelsen for ledere skjer lokalt gjennom vurdering ved tilsetting og på grunnlag av bestemmelser i Hovedtariffavtalen.
3. Virksomhetens øverste leder(e) får lønn fastsatt etter kapittel 3, pkt. 3.4.1. Øvrige ledere får lønn fastsatt etter bestemmelsene i hhv. kapittel 4 eller kapittel 5.

#### 3.4.1 Lederavlønning – øverste leder(e)

Lønn til daglig leder av fellesrådets virksomhet, jf. kirkeloven § 13, 2. ledd, og lederstillinger på tilsvarende nivå og/eller med sammenlignbart arbeids- og ansvarsnivå, fastsettes etter forhandlinger. Vurdering av lederlønninger kan foretas en gang i året.

Grunnlaget for vurderingene er ett eller flere av følgende kriterier:

- Oppnådde resultater i forhold til virksomhetens målrettede aktiviteter
- Utøvelse av lederskap i forhold til virksomhetens mål
- Betydelige organisatoriske endringer
- Behov for å beholde kvalifisert arbeidskraft.

Kommer partene ikke til enighet ved forhandlinger, kan tvisten ikke ankes. Arbeidsgivers siste tilbud skal da vedtas.

Stillingskoder	
4950	Daglig leder/kirkeverge
4955	Leder (hovedbenevnelse)
4955	Assisterende leder
4955	Bygg- og anleggssjef
4955	Direktør
4955	Generalsekretær
4955	Gravlundssjef
4955	Personalsjef
4955	Økonomisjef

## **INNSTILLING**

Ingen

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

Leiar av soknerådet får fullmakt til å gjennomføre lønnsforhandlingar for fastsetjing av lønn til dagleg leiar/kyrkjeverje.

---

## **SR 2014/78 Gudstenester i Stongfjorden**

### **UTGREIING**

Askvoll sokn har motteke søknad (datert 23.09.2014) om at det vert halde minst tre gudstenester i Stongfjorden kapell kommande kyrkjeår (2015).

Etter oppsett plan for konfirmasjonsgudstenestene våren 2015, er det sett opp 1 gudstene i Stongfjorden kapell.

Askvoll sokneråd har i sak 2014/31 vedteke å gå for endra gudstenestestruktur i soknet, og har fått godkjenning for dette av Bjørgvin biskop.

Når det kommande år er konfirmantar frå Stongfjorden har ein valt å halde konfirmasjonsgudstene i kapellet.

Det er også opning for, om soknerådet skulle ønske dette, å anten arrangere fleire gudstenester enn dei forordna, og slik finne rom for fleire gudstenester i Stongfjorden. Dette vert imidlertid eit spørsmål om ressursar. Eit anna alternativ er å flytte på dei forordna gudstenestene, slik at ein reduserer talet gudstenester andre stader, og legg gudstenesta/gudsatenestene til Stongfjorden kapell i staden.

Prinsipielt, og i samsvar med soknerådet si strategiske tenking rundt styrking av gudstenestelivet, er det etter kyrkjeverja si oppfatning uheldig å flytte på dei forordna gudstenestene, så lenge intensjonen til soknerådet med ny forordning, er å auke frekvensen på talet gudstenester, ved å redusere talet gudstenestestader.

Likevel er det av praktiske omsyn kommande vårhalvår heilt uprøblematisk å flytte éi forordna gudstene frå Holmedal kyrkje til Stongfjorden kapell, fordi Holmedal kyrkje vert mellombels avstengt p.g.a. vedlikehald. Ein har derfor i samband med gudstenesteplanlegginga lagt ei forordna gudstene til Stongfjorden kapell, løyst ved reduksjon i Holmedal.

Om det vil vere mogleg å gjere tilsvarande i hausthalvåret er det litt tidleg å vurdere no. Vonleg kjem ein i gang med rehabiliteringsarbeidet i Kvammen kapell i løpet av 2015, og ein kan evt. då flytte ei forordna gudstene frå Kvammen kapell til Stongfjorden kapell.

## **INNSTILLING**

1. I gudstenesteplan for 1. halvår 2015 vert det sett opp to forordna gudstenester i Stongfjorden kapell; 15. februar og 24. mai (konfirmasjonsgudstene).
2. Ein kjem tilbake til spørsmålet om å legge éi tredje forordna gudstene til Stongfjorden kapell i samband med gudstenesteplanlegginga for 2. halvår 2015.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. I gudstenesteplan for 1. halvår 2015 vert det sett opp to forordna gudstenester i Stongfjorden kapell; 15. februar og 24. mai (konfirmasjonsgudstene).
2. Ein kjem tilbake til spørsmålet om å legge éi tredje forordna gudstene til Stongfjorden kapell i samband med gudstenesteplanlegginga for 2. halvår 2015.

---

# SR 2014/79 Offerliste 1. halvår 2015

## UTGREIING

Gudstenestoplan for 1. halvår 2015 er lagt.

I planen er det sett opp 46 gudstenester t.o.m. juni slik:

01. JAN.	17.00. HOLMEDAL -	OFFER TIL: Kyrkjelydens misjonsprosjekt
11. JAN.	11.00. ASKVOLL -	OFFER TIL: Kyrkjelydsarbeid
	11.00. KVAMMEN -	OFFER TIL: Kyrkjelydens misjonsprosjekt
18. JAN.	11.00. BULANDET -	OFFER TIL: Kyrkjelydens misjonsprosjekt
	19.00. VILNES -	OFFER TIL: Kyrkjelydsarbeidet
25. JAN.	11.00. ASKVOLL -	OFFER TIL: Kyrkjebladet
	15.00. KVAMMEN -	OFFER TIL: Jonasklubben
01. FEBR.	11.00. BULANDET -	OFFER TIL: Kyrkjelydsarbeidet
08. FEBR.	11.00. ASKVOLL -	OFFER TIL: Sjelesorgsenteret, Haraldsplass
15. FEBR.	11.00. VILNES -	OFFER TIL: Kyrkjelydens misjonsprosjekt
	19.00. STONGFJORDENO	OFFER TIL: Kirkens Nødhjelp
22. FEBR.	11.00. KVAMMEN -	OFFER TIL: Kyrkjelydsarbeidet
	19.00. ASKVOLL -	OFFER TIL: Det Norske Misjonsselskap (NMS)
01.MARS.	11.00. BULANDET -	OFFER TIL: Kyrkjebladet
	11.00. HOLMEDAL -	OFFER TIL: Kyrkjelydens misjonsprosjekt
08.MARS.	11.00. ASKVOLL -	OFFER TIL: Kyrkjelydsarbeidet
	19.00. VILNES -	OFFER TIL: Kyrkjebladet
15.MARS.	11.00. KVAMMEN -	OFFER TIL: Fasteaksjonen (Kirkens Nødhjelp)
22.MARS.	11.00. BULANDET -	OFFER TIL: Kirkens Bymisjon i Bergen
	19.00. ASKVOLL -	OFFER TIL: Det Norske Bibelselskap
29.MARS.	11.00. VILNES -	OFFER TIL: Kumle Bedehus
02. APRIL.	19.00. HOLMEDAL -	OFFER TIL: Kyrkjelydsarbeidet
03. APRIL.	19.00. KVAMMEN -	IKKJE OFFER
05. APRIL.	11.00. BULANDET -	OFFER TIL: Værlandet Bedehuskapell
	12.00. ASKVOLL -	OFFER TIL: Den evangelisk-lutherske kyrkje i Jordan og det heilage land
12. APRIL.	11.00. HOLMEDAL -	OFFER TIL: Kyrkjebladet
19. APRIL.	15.00. ASKVOLL -	OFFER TIL: S &FJ søndagsskulekrins
26. APRIL.	11.00. HOLMEDAL. KONFIRMASJON.	- OFFER TIL: Holmedal Bedehus
03. MAI.	11.00. ASKVOLL. KONFIRMASJON.	- OFFER TIL: Askvoll kyrkje
	11.00. BULANDET -	OFFER TIL: Institutt for sjælesorg
09. MAI.	11.00. VILNES. KONFIRMASJON.	- OFFER TIL: Vilnes kyrkje
10. MAI.	11.00. KVAMMEN -	OFFER TIL: Kvammen kapell
17. MAI	11.00. HOLMEDAL -	OFFER TIL: Holmedal kyrkje
	KL.?? ASKVOLL -	OFFER TIL: Kirkens Nødhjelp
24. MAI.	10.00 VÆRLANDET. KONFIRMASJON	- OFFER TIL: Værlandet Bedehuskapell
	10.00 STONGFJORDEN. KONFIRMASJON	- OFFER TIL: Stongfjorden Bedehuskapell
	12.00. KVAMMEN. KONFIRMASJON	- OFFER TIL: Kyrkjelydsarbeidet
	12.00. BULANDET. KONFIRMASJON	- OFFER TIL: Balandet kapell
31. MAI.	11.00. ASKVOLL -	OFFER TIL: Kyrkjelydens misjonsprosjekt
7. JUNI.	11.00. HOLMEDAL -	OFFER TIL: Kirkens Bymisjon, Bergen
	19.00. VILNES -	OFFER TIL: Kirkens Bymisjon, Bergen
14. JUNI.	11.00. ASKVOLL -	OFFER TIL: Kirkens Bymisjon, Bergen
	19.00. KVAMMEN -	OFFER TIL: Skilbrei Ungdomssenter
21. JUNI.	11.00. BULANDET -	OFFER TIL: Fiskarheimen, Balandet
	12.00. HOLMEDAL -	IKKJE OFFER
28. JUNI.	11.00. ASKVOLL -	OFFER TIL: Kyrkjelydsarbeidet

Kyrkjelydsutvala legg fram sine forslag i møtet, og soknerådet kompletterer ved evt. manglende forslag.

Vedlagt saka ligg oversyn over offertildelingar i soknet perioden 2012-2014.

## INNSTILLING

1. Ingen

## **MØTEHANDSAMING**

Det låg ikkje føre forslag frå kyrkjelydsutvala i Vilnes og Værlandet, men øvrige utval sine forslag vart lagt fram i møtet.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste i samsvar med forslag frå kyrkjelydsutvala, og offerføremål som vart sett fram i møtet for Vilnes og Værlandet. (Vedteke offerføremål er innarbeidd i lista i utgreiinga.)

---

## **SR 2014/80 Kyrkjevalet 2015. Oppnemning av nominasjonskomité til soknerådsvalet.**

### **UTGREIING**

I den førebuande fasen av kyrkjevalet må ein arbeide med å finne kandidatar til soknerådet si liste.

I *Regler for valg av menighetsråd* § 7-2, 2. ledd skal det oppnemnast ein eigen komité på minst tre medlemmer som får ansvar for å finne kandidatar til fullstendig soknerådsvalet, samt sjå til at det vert 10 stemmeberettiga forslagsstillerar som stillar seg bak lista og prioriterer kandidatar. Nominasjonsarbeidet skal vere avslutta innan 1. mai 2015.

Nominasjonskomitéen kan vere sett saman av medlemmer i soknerådet, eller av andre.

Dei som vil vere kandidat på lista bør ikkje vere i nominasjonskomitéen.

For Askvoll kan det vere ein fordel at ein nominasjonskomité er sett saman av medlemmer frå kvar krins/kyrkjelyd.

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd oppnemner ein nominasjonskomité til soknerådsvalet 2015.

2. Komitéen er sett saman av:

- Askvoll: XX
- Holmedal: XX
- Kvammen/Stongfjorden: XX
- Vilnes: XX
- Bulandet/Værlandet: XX

3. Nominasjonskomitéen konstituerer seg sjølv.

## **MØTEHANDSAMING**

Kyrkjelydsutvala er oppmoda om å finne medlemmer til nominasjonskomitéen. Det vart sett fram nokre forslag på medlemmer til komitéen i møtet.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd oppnemner ein nominasjonskomité til soknerådsvalet 2015.

2. Komitéen er sett saman av:

- Holmedal: Kari Berit Ness
- Kvammen/Stongfjorden: Jarl Løvik
- Bulandet/Værlandet: Magnar Hillersøy

3. Nominasjonskomitéen konstituerer seg sjølv.

4. Komitéen vert supplert med fleire medlemmer i neste soknerådsmøte.

---

## **SR 2014/81 Forslag på leke kandidatar til Bjørgvin bispedømmeråd og Kyrkjemøtet**

### **UTGREIING**

Hausten 2015 skal det vere kyrkjeval. Som del av kyrkjevalet skal det vere val på bispedømmeråd (som også er medlemmer av Kyrkjemøtet).

Alle sokneråd i bispedømmet kan fremje inntil fire kandidatforslag.

Frist for innsending av forslag på kandidat er sett til 15. januar.

Kandidatane kan vere busett i kva sokn som helst i bispedømmet, men kan ikkje vere medlem av nominasjonskomitéen til bispedømmerådsvalet.

Kandidatane må vere spurt på førehand om dei stiller seg villig til val.

### **INNSTILLING**

Ingen forslag til vedtak.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd har ingen kandidatforslag til Bjørgvin bispedømmeråd.

## **FR 2014/82 BUDSJETTJUSTERING**

Saka vart teke opp under eventuelt utan saksutgreiing.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Kyrkjeverja får fullmakt til å gjere omposteringar i driftsbudsjett for 2015, og nytte mindreforbruk på lønnspostar til å finansiere kjøp av utstyr til gravplassane.

2. Ein nyttar ikke fond for å finansiere utgifter til kyrkjeblad.

## **SR 2014/83 JUSTERING AV MØTEPLAN**

Saka vart teke opp under eventuelt utan saksutgreiing.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Soknerådsmøtet i januar 2015 vert flytta frå 15. til 14.